



EUROPEISK MANIFEST FOR CITTASLOW

Cittaslow er eit internasjonalt kjenneteikn for kommunar som tek sikte på høgast mogleg livskvalitet for sine innbyggjarar, etablerarar og besøkjande. Dei deltakande kommunar rettar seg etter prinsippa i dette manifestet. Cittaslow er nyskapande og internasjonalt; eit internasjonalt nettverk som dekkjer 25 land. Kvar deltakar rettar søkjeljoset mot å vera nyskapande og berekraftig, og røynsler og idear vert utveksla mellom alle deltakarane. Dette gjev eit godt grunnlag for nye medlemer, anten det finn stad i eitt av dei 15 medlemslanda i EU som er heim for ein Cittaslowkommune eller i resten av Europa.

1. Ein Cittaslowkommune står for livskvalitet

Ein Cittaslowkommune tek vare på livskvaliteten til innbyggjarane sine. Dette vert kombinert med å rette søkjeljos mot tradisjonar som er knytte til moderne teknikkar. Måla for Cittaslow er grunnlagd i ein solid intern solidaritet, som syner ein sterk omtanke for miljøet vårt og sikrar at alle er klare over og medvitne sine omgjevnader. Cittaslow får dette til gjennom sin praktiske politikk og sine daglege gjeremål. Lokalsamfunn vil vekse optimalt når dei kan oppdage sin eigen felles identitet igjen, og vil etter kvart setje pris på at omgjevnadene òg anerkjenner deira kvalitetar. Lokalsamfunna svarar på dette med gjestfridom.

2. Ein Cittaslowkommune set pris på kvalitet

Ein Cittaslowkommune er eit medvite samfunn som verdset sine egne kvalitetar. Det er difor ein Cittaslowkommune investerer i omtanke for sine egne innbyggjarar og etablerarar, for å ta vare på dei verdifulle aspekta ved deira eige samfunn. Kvalitetar vert ofte sette mest pris på når dei har forsvunne; Cittaslow vil hindre at det må vere slik. Eitt av dei viktigaste trekka ved Cittaslow er at ein gjenreiser fokus på jorda, i tråd med læra til Terra Madre-prosjektet, og respekterer og verdset landskapet, jordbruksland, naturlege stader, i og rundt bygdene, gjennom konkrete prosjekt.

3. Ein Cittaslowkommune står for framgang og gjer denne målbar

Ein Cittaslowkommune investerer i berekraft og kvalitet. Dette er ikkje ei valfri oppgåve og vert jamleg målt gjennom vurderingar og revisjonar. Censis Institute of Rome, Cittaslow Scientific Committee, Ocse og mange andre vitskaplege institusjonar er med på denne utviklande kontrollen.

4. Ein Cittaslowkommune gjev meining til by og land-tilhøvet gjennom sine kvalitetar

Ein Cittaslowkommune bind saman kvalitetane innan dei grønne felt med dei omkringliggjande bygdene, ofte òg ein storby. Det er stor geografisk spreing mellom Cittaslow-medlemene over heile Europa. Ein Cittaslowkommune sikrar at

kulturhistorien og fellesskapsverdiane vert haldne i hevd og styrkte. Dette får ein til gjennom restaurering, ved å skildre den kulturelle historien og ved å gje informasjon med ekstra fokus på digitale teknikkar. Vårt mål er å redusere det økologiske fotavtrykket, å sjekke kvaliteten på dei levande områda og økosystema år for år, ved å bruke ei form for rangering for alle Cittaslow-medlemene.

5. Ein Cittaslowkommune held i hevd og utviklar verdifulle landskap og biologisk mangfald

Ein Cittaslowkommune fremjar bioarkitektur, økologisk jordbruk og biologisk mangfald i landskapet, slik føresetnaden er i framtidig europeisk landbrukspolitik. Me er forplikta til først og fremst å innføre "grøne" teknologiar for transport, tenester, infrastruktur osb. Alternativ transport er å føretrekkje, slik at verdifulle landskap kan bli oppdaga gjennom sykkelstiar, gangvegar og kabelanlegg.

6. Ein Cittaslowkommune held i hevd tradisjonar og står for nyskaping

Det beste frå fortida, det beste av notida. Ein Cittaslowkommune rettar søkjeljos mot tradisjonelt produserte produkt, gjenstandar og handverk. Den stimulerer nyskapande teknikkar, i den grad desse er berekraftige og ikkje utgjer nokon trussel for miljøet. Ein Cittaslowkommune arbeider aktivt med å spare energi og stimulerer til bruk av alternative og fornybare energikjelder. "Minne" er eit av dei viktigaste måla til Cittaslow. Kvar medlem er plikta til å ta vare på og vidareføre arven av kunnskap og lokal visdom.

7. Ein Cittaslowkommune stimulerer regionale produkt og korte næringskjeder

Ein Cittaslowkommune er nært knytt til Slowfood og stør tradisjonell produksjon og stimulerer utviklinga av regionale produkt og kommersiell handel i eigen region.

8. Ein Cittaslowkommune er eit samfunn som gjev sosial samkjensle

Ein Cittaslowkommune er først og fremst eit lokalsamfunn med innbyggjarar som ser etter og bryr seg om kvarandre. Ein Cittaslowkommune sikrar livskrafta til lokalsamfunna og sikrar at omgjevnadene i lokalsamfunna vert tekne vare på. Ein Cittaslowkommune garanterer at innbyggjarane får støtte når dei treng det og stimulerer til sosial samkjensle mellom innbyggjarane. Slike nye rettar til innbyggjarane er avgjerande i den økonomiske og sosiale utviklinga på lokalt plan.

9. Ein Cittaslowkommune er berekraftig for framtidige europeiske generasjonar

Ein Cittaslowkommune vel berekraftige løysingar. Alle gode ting vert haldne i hevd, og dette bør ikkje ha ein negativ effekt på utviklinga til komande generasjonar.

10. Ein Cittaslowkommune er ein reiskap mot gamal og ny fattigdom

Cittaslow er aktivt mot fattigdom, fordi dei sosiale inkluderingsprosjekta, ansvaret og deltakinga, er svært effektive mot fattigdom i bygder på eit lokalt nivå. Sosial inkludering og prosjekt for nye innbyggjarar hjelper til med å skape eit betre liv i framtida for våre lokalsamfunn og for heile Europa.

(Omsetjing: Øystein Hide)